

**Møtebok**  
**frå**  
**utdanningsutvalet**

**Møtestad:** AR-401  
**Tid:** 28.11.2018 kl. 09:00 – 11:40

**Fylgjande faste medlemmer møtte:**

Magne Bartlett  
Turid Borgen  
Lene Katrine Hoff  
Dag Husebø  
Marit Aamodt Nielsen  
Björg Frøysland Oftedal  
André Pedersen  
Jon Tømmerås Selvik  
Magne Olav Sydnes  
Leslie Leith Symington  
Cathrine Johanne Sønvinen  
Julie Wangen

**Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Ketil Knutsen  
Brita Strand Rangnes  
Kenneth Wathne

**Fylgjande varamedlemer møtte:**

Kristin Grøsvik

**Frå administrasjonen møtte:**

Veslemøy Hagen, Kristofer Henrichsen, Stig Atle Selmer-Anderssen og Eilef J. Gard. Tore Klepsvik, Ingrid Stokkeland, May Beate Reiestad, Bjarte Hoem og Mona Heimdal var til stades under handsaminga av enkelte saker.

Møtet vart leia av Dag Husebø

<b>Saksnr.</b>	<b>Innhold</b>	<b>U.off.</b>	<b>Arkivnr.</b>
UU <a href="#">41/18</a>	Godkjenning av innkalling		
UU <a href="#">42/18</a>	Møtebok frå utdanningsutvalet 17.10.2018		15/01302-68
UU <a href="#">43/18</a>	Strategisk tema: Studentundersøkjing på master i miljø, energi og samfunn		
UU <a href="#">44/18</a>	Tilsynspiloter 2018 - avslutning		17/06804-5
UU <a href="#">45/18</a>	Gjennomgang av studiene 2018 - tredje rapportering fra fakultetene		17/03038-14
UU <a href="#">46/18</a>	Utfyllende regler for lokalt opptak 2019		18/07765-1
UU <a href="#">47/18</a>	Retningslinjer for gjennomføring av vurdering etter uhl §5-3 6.ledd		18/06294-6
UU <a href="#">48/18</a>	Rett til gyldig fravær ved kolliderende eksamener		18/07280-5
UU <a href="#">49/18</a>	Plan for utvalet sitt arbeid 2019		15/06435-4
UU <a href="#">50/18</a>	Innspel til stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet		18/06637-4
UU <a href="#">51/18</a>	Organisering av EVU ved UiS		18/07590-1
UU <a href="#">52/18</a>	Andre orienteringssaker		15/01302-69
UU <a href="#">53/18</a>	Eventuelt		

Stavanger, 28.11.2018

## **UU 41/18 Godkjenning av innkalling**

Studentrepresentant melde inn sak om nyskapande utdanningsløysingar til eventuelt.

### **Vedtak:**

Innkallinga vart godkjend.

## **UU 42/18 Møtebok frå utdanningsutvalet 17.10.2018**

### **Vedtak:**

Møteboka er godkjend.

## **UU 43/18 Strategisk tema: Studentundersøking på master i miljø, energi og samfunn**

Tore Klepsvik presenterte ei undersøking som er gjort mellom studentar på master i miljø, energi og samfunn. Undersøkinga vart gjort for andreårsstudentar.

I samtalen vart det reist forslag om å gjera ei tilsvarande undersøking på neste opptak i same studieprogram, og på eit studieprogram der det ikkje har vore gjort noko spesielt for integrering.

Elles i samtalen kom det fram fylgjande innspel:

- Dette er ein måte å syna tydinga av interkulturelt samarbeid for det akademiske resultatet.
- SV-fakultetet har sett av pengar til å overføra desse erfaringane til god semesterstart for andre studier neste år.
- Der må vera ei styring av dei tiltaka som fører til integrering. Dette handlar ikkje berre om aktivitetar, men ein måte å tenkja på.

Utdanningsdirektøren minna om at alle studieprogramleiarane er informerte om at utdanningsavdelinga kan dekkja utgifter til å arrangera for eksempel pizzakveldar for studentar på studieprogramma. Til nå har berre tre studieprogram nytta seg av dette.

Utvalsleiar oppfordra alle fakulteta til å gjera noko liknande.

### **Vedtak:**

Utvalet takkar for orienteringa.

## **UU 44/18 Tilsynspiloter 2018 - avslutning**

Utdanningsdirektøren innleia i saka. Ho ga honnør til fakulteta og komiteane som har gjennomført tilsynspilotane på ein god måte og gitt nyttige tilbakemeldingar om erfaringane frå arbeidet. Det har gitt nyttig lærdom for framtidige tilsyn.

Representantar frå dei fakulteta som hadde studier med i piloten vart bedne om å gje korte kommentarar til arbeidet. Nedanfor fylgjer eit samandrag:

Piloten har gitt positive opplevingar. Me visste at det ville verta viktige utfordringar og me ville løfta desse opp til leiarnivået, difor ynskte fakultetet å delta i denne piloten. Der var veldig finke studentar og eksterne medlemmer i gruppa. Fagmiljøet var positive til innsynet. Tilsynet vil føra til endringar i undervising og ressursbruk, men dette vil ta tid. Det har også fått konsekvensar utover studiet ved at erfaringane vil verta

overførte til andre studier. Det er viktig at der er gode administrative ressurser, slik at komiteen kan gjera det dei skal gjera.

Vidare vart det diskutert i kor stor grad der skal vera standardiserte prosedyrar for tilsyn med studia, til dømes når det gjeld tidsfristar, og i kor stor grad fakulteta skal kunna styra arbeidet. Det er viktig å få arbeid med tilsyn inn i arbeidplanane til dei som skal vera involverte. Sidan der er mange studier som skal gjennomgåast, må det lagast ein eins metode heilt frå starten.

Utdanningsdirektøren la til at erfaringane frå pilotane, slik det er kome fram i rapportane og gjennom andre innspel, vil verta tekne inn i det pågåande arbeidet med revisjon av kvalitetssystemet.

Utvalsleiar oppfordra andre fakultet til å henta lærdom frå erfaringane med pilotane.

### **Vedtak:**

På grunnlag av de sakkyndige komitéenes rapporter og dekanenes innstillinger bekrefter utdanningsutvalget akkrediteringen for barnehagelærerutdanningen, bachelorstudiet i økonomi og administrasjon og ph.d.-studiet i informasjonsteknologi, matematikk og fysikk. Tilsynet ved de tre studiene avsluttes.

Utvalget ber fakultetene sørge for oppfølging av de sakkyndige evalueringene ved fastsetting av konkrete tiltaksplaner.

Utvalget ber Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet vurdere en deling av ph.d.-studiet i informasjonsteknologi, matematikk og fysikk, jf. studiekvalitetsforskriftens § 3-3(2).

Utvalget takker de sakkyndige komitéene og andre som har bidradd i pilotarbeidet for godt gjennomført arbeid og ber utdanningsdirektørene revidere retningslinjer, prosedyrer og maler på grunnlag av erfaringer fra pilotene.

## **UU 45/18 Gjennomgang av studiene 2018 - tredje rapportering fra fakultetene**

Utdanningsdirektøren innleia. Det er gjort eit stort og veldig godt arbeid. Denne rapporteringa syner stort sett dei same resultatane som dei føregåande to rapporteringane. Men det kan leggjast til her at erfaringsbaserte masterar manglar gode læringsutbyteskildringar.

Eitt av utvalsmedlemene viste til at det i rapportane kjem fram at det manglar utdanningsfagleg kompetanse i fagmiljøa, og spurde om det er gjort tilsetjingar i dei utlyste stillingane i Uniped.

Utvalsleiar svarta at der er kvalifiserte søkjarar til den eine stillinga, og at intervju pågår. Det skal tilsetjast i begge stillingane.

### **Vedtak:**

På grunnlag av behandlingen i fakultetene og tilråding fra dekanen bekrefter utdanningsutvalget akkrediteringen for følgende studieprogrammer:

Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet:  
bachelorstudium automatisering og elektronikkdesign  
bachelorstudium biologisk kjemi  
bachelorstudium bygg  
bachelorstudium datateknologi  
bachelorstudium kjemi og miljø  
bachelorstudium maskin  
bachelorstudium matematikk og fysikk  
bachelorstudium petroleumsgnologi  
bachelorstudium petroleumsteknologi  
erfaringsbasert masterstudium i Technology and Operations Management

erfaringsbasert masterstudium risikostyring og sikkerhetsledelse  
masterstudium biologisk kjemi  
masterstudium datateknologi  
masterstudium i byplanlegging  
masterstudium i miljøteknologi  
masterstudium i samfunnssikkerhet  
masterstudium i teknisk samfunnssikkerhet  
masterstudium Industrial Asset Management  
masterstudium industriell økonomi  
masterstudium konstruksjon og materialer - maskinkonstruksjoner  
masterstudium konstruksjoner og materialer - byggkonstruksjoner og offshorekonstruksjoner  
masterstudium marin og offshoreteknologi  
masterstudium matematikk og fysikk  
masterstudium Petroleum Geosciences Engineering  
masterstudium petroleumsteknologi  
masterstudium risikostyring  
masterstudium robotteknologi og signalbehandling  
Ph.d.-studium i petroleumsteknologi  
Ph.d.-studium i risiko og samfunnssikkerhet  
Ph.d.-studium kjemi og biovitenskap  
Ph.d.-studium offshoreteknologi

Fakultetet for utøvende kunstfag:  
bachelorstudium i dans  
bachelorstudium i utøvende musikk  
masterstudium i utøvende musikk

Det helsevitenskapelige fakultet:  
bachelorstudium i sykepleie  
Ph.d.-studium i helse og medisin

Handelshøgskolen ved UiS:  
masterstudium i regnskap og revisjon

Utdanningsutvalget forutsetter at læringsutbyttebeskrivelser på programnivå som ikke er i samsvar med NKR rettes opp i løpet av 2018.

I de tilfellene det er rapportert om avvik, må fakultetene følge opp sine fastsatte tiltak slik at avvik bringes i orden innen rimelig tid.

Utdanningsutvalget viser for øvrig til sine vedtak i sak UU 28/18 og 38/18.

## **UU 46/18 Utfyllende regler for lokalt opptak 2019**

Utdanningsdirektøren innleia. I følge ny forskrift om opptak til studier ved Universitetet i Stavanger, skal utdanningsutvalet godkjenne reglar for opptak for dei einskilde studia der fakulteta ynskjer serlege opptakskrav. Dei fleste fakulteta har fremja forslag til utfyllande reglar, som nå vert lagt fram til handsaming i utvalet. Utdanningsdirektøren har gitt forlenga frist til enkelt fakultet og ber difor om at utvalsleiar får fullmakt til å godkjenne desse.

### **Vedtak:**

Utdanningsutvalget godkjenner de vedlagte regelverkene.

Utdanningsutvalget gir utvalgsleder fullmakt til å godkjenne de utfyllende reglene som det vises til i saken innen SøknadsWeb åpner 1. februar.

## **UU 47/18 Retningslinjer for gjennomføring av vurdering etter uhl §5-3 6.ledd**

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte om saka.

Det vart spurt om kva dokumentasjon ny sensor skal ha tilgang til.

Utdanningsdirektøren svara at det gjeld all den dokumentasjonen som ligg føre, sensorveiledning, eventuell skriftleg grunngjeving for gitt karakter o.a.

Utvalet diskuterte ekstern sensor si rolle dersom det i den fyrste sensuren berre er ein intern sensor, og i den andre både intern og ekstern sensor. Framlegget seier at ved ulik karaktersetjing skal endeleg karakter avgjerast av fleirtalet av sensorane. Dersom det ikkje er fleirtal skal den eksterne sensoren avgjera karakteren.

Enkelte i utvalet, mellom anna studentrepresentantane, ynskte at ekstern sensor skal avgjera.

Utdanningsdirektøren svara at dette er ei problemstilling som har vore diskutert på nasjonalt nivå også. Siktemålet må vera at studenten skal få ei rettferdig vurdering.

Det kom fram eit forslag om ei språkleg klargjering i dei framlagde retningslinene.

Utdanningsdirektøren heldt på framlegg til vedtak, med den språklege justeringa som utvalet ba om, og la til at ordninga kan evaluerast etter ei tid.

### **Vedtak:**

Utdanningsutvalget vedtar Retningslinjene for gjennomføring av vurderingen etter uhl § 5-3 6.ledd. Retningslinjene trer i kraft 29.november 2018.

## **UU 48/18 Rett til gyldig fravær ved kolliderende eksamener**

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte. Der er mange kontinuasjonseksamenar ved UiS. Kontinuasjonseksamen er ressurskrevjande. Samstundes er det UiS sitt ansvar å leggja til rette progresjon for studentane. Endringa fører til at studentane nå kan betra resultatet i emne der dei allereide har avlagt eksamen. Gyldig fråvær vil framleis gjelda berre innføre same studieprogram.

Studentrepresentantane ynskte at rett til fråvær også skal gjelda når studentar tek emne som ikkje høyrer til på det studiet dei er opptekne til. Dei meinte at det føreliggjande forslaget vil avgrensa dei som ynskjer å ta fleire emne parallelt.

Prodekan for utdanning ved Det helsevitskaplege fakultetet støtta framlegget.

Utvalsleiar la til at muligheten til å ta andre emne parallellt alltid er der, men at han meinte at me gjer det vanskelegare med å opna opp for ei generell ordning med fritak.

### **Vedtak:**

Utdanningsutvalget vedtar ny bokstav g) i punkt 2 i Regler og vilkår for godkjenning av gyldig fravær.

Ny bokstav g) blir da:

«Kolliderende eksamener på samme studieprogram ved UiS»  
Regelen trer i kraft fra og med 1. januar 2019.

## **UU 49/18 Plan for utvalet sitt arbeid 2019**

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte.

Studentrepresentantane hadde forslag til nytt punkt under internasjonalisering: Oppfølging av stortingsmelding.

Utvalseiar foreslo å skriva inn internasjonalisering som ein del av studiekvaliteten og som ein del av læringsutbyttet i studia.

Prodekan for utdanning ved Det samfunnsvitskaplege fakultetet foreslo at fokus på praksis i studia også kan stå under studiekvalitet.

Utdanningsdirektøren viste til punkt om internasjonalt senter i forslaget til plan. Ei arbeidsgruppe skal levera rapport om dette før jul. Der vil det vera fokus på mobilitet.

Prodekan for utdanning ved Det helsevitskaplege fakultetet sa at det er sterkt fokus på bachelor- og masterstudier i kvalitetsarbeidet, men etterlyste diskusjonar om ph.d.-programma og overgangane frå master til ph.d.

Utdanningsdirektøren svara at utdanningsutvalet er akkrediteringsorgan også for ph.d., og takka samtidig for innspelet.

Representanten for studieadministrativt personale spurde om der er noko form for tilsyn med Uniped-kursa.

Utdanningsdirektøren avslutta samtalen i saka med å notera at læringsutbytebeskrivelsar på erfaringsbaserte masterstudier kan verta betre, og at dette også må takast med vidare.

### **Vedtak:**

Utdanningsdirektøren tek innspel frå utvalet med i utarbeiding av endeleg framlegg til plan for utvalet sitt arbeid i 2019. Planen vil verta lagt fram for utvalet sitt møte 20. februar.

## **UU 50/18 Innspel til stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet**

Utvalseiar innleia og orienterte om møte med kunnskapsministeren, som hadde funne stad tidlegare same veka.

Utdanningsdirektøren la til at internasjonalisering er ein del av utdanningskvaliteten, og spurde om utvalet hadde fleire innspel som kan vera med i svaret til departementet.

Studentrepresentantane hadde fylgjande innspel:

- Arbeida for førehandsgodkjenning av fag når ein reiser på utveksling på sitt studieprogram.
- Sikra god informasjonsflyt for fristar og tilgjengeleggjering av utveksling på studieprogramma.
- Formidling og promotering av utveksling skal koma frå den faglege tilsette på studieprogrammet.
- Kvalitetssikra fagleg relevant utbyte ved utveksling slik at studentane ikkje heng etter fagleg.
- Oppfordra KD til å rusta ANSA (Association of Norwegian Students Abroad) i arbeidet deira då dei er eit knutepunkt for studentar som reiser på utveksling.
- Skilja mellom gradsutveksling og utveksling på semesternivå.
- Utveksling kan ikkje vera eit tilbod på alle studieprogram. Dersom dette skal vera praksisen, blir det bedt om grundig førearbeid og kvalitetssikring.

I tillegg vart leiar for internasjonalt kontor beden om å orientera om eit nasjonalt prosjekt for å digitalisera internasjonalisering, som foreløpig er lagt på is.

Utvalseiar opplyste om at departementet vil invitere institusjonane til å vera med og delta i skrivinga av stortingsmeldinga.

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet stiller seg bak innspel til stortingsmelding for internasjonal studentmobilitet, med dei kommentarane som kom fram i møtet.

**UU 51/18 Organisering av EVU ved UiS**

Utvalseiar innleia. Der er nye krav frå samfunnet om kompetansereformer. Ein treng litt tid før styret kan gjera vedtak. Planen er å leggja fram styresak til våren.

Representanten for det studieadministrative personalet takka for at denne saka kom opp, og spurde om det skal brukast statleg finansierte studieplasser på EVU-studier. Ho la til at desse programma ikkje er omfatta av programrevisjonane, og at der ikkje er gode nok læringsutbyttebeskrivelsar. Det administrative med EVU er også ei utfordring. Det er ikkje klart kvar grensene går.

Utvalseiar la til at fleire departement har engasjert seg i reforma om livslang læring. Der må koma finansiering frå fleire hald. EVU-verksemnda ligg litt på sida, den må inn i den ordinære utdanningsverksemnda.

Prodekan for utdanning ved Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet heldt fram at det er ein klar fordel å ha nær kontakt med industrien. For ein del er EVU-verksemnda ved fakultetet ein del av det ordinære arbeidet.

Utdanningsdirektøren kommenterte at EVU har mange studentar, og at der bør vera meir fagleg styring med verksemnda. Me må sikra at me kan ta eigendeler frå studentane.

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

**UU 52/18 Andre orienteringssaker**

Søknad om ECIUniversity.

Utvalseiaren orienterte. ECIU vil støtta EU-kommisjonen i å styrkja det europeiske utdanningsområdet. Der er planar om å byggja opp fleire universitetskonsortier i Europa. UiS har sett i gong arbeid med ein søknad om å få midlar til å verta med i ein europeisk universitetsallianse. Utvalet vil få tilsendt ein kortversjon av søknaden. Søknadsfristen er i februar.

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

**UU 53/18 Eventuelt**

Leiar for StOr orienterte kort om ein resolusjon om nyskapande utdanningsløysingar, som vart vedteken av studentparlamentsmøtet 19.11.18. Det er ynskjeleg at dette vert ei sak i neste utvalsmøte, med serleg vekt på dei tre ynskjene i resolusjonen:

- Å utvida ordninga for opne emne ved universitetet. Nye opne emner må sjåast i samanheng med at eksamenar kan kollidera.
- Ha kursing ved sida av studieløpet som kan gje godkjende kursbevis.
- Sjå på muligheten for å ha sommarskule for studentar ved universitetet i samarbeid med andre europeiske universitet.

Utvalseiaren føreslo å vurdera å ta det inn i utdanningsutvalet sin plan for 2019.

**Vedtak:**

Saka vert teken vidare i samarbeidsmøte med utdanningsdirektøren.